

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/14	Formannskapet	PS	05.03.2014
031/14	Kommunestyret	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Wenche Myrmel	FE - 084	14/321

Vedtak- Ny pensjonsordning for folkevalde

Vedlegg:

Skriv frå klp 31.10.2013

Skjema for avtale for folkevalde

Framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår kommunestyre at ordførar blir meldt inn i den ordinære kommunale tenestepensjonsordninga og rår også at ein inngår avtale om AFP 62-64 år for dei folkevalde.

Formannskapet - 038/14

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at ordførar blir meldt inn i den ordinære kommunale tenestepensjonsordninga og rår også at ein inngår avtale om AFP 62-64 år for dei folkevalde.

Kommunestyret - 031/14

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at ordførar blir meldt inn i den ordinære kommunale tenestepensjonsordninga og rår også at ein inngår avtale om AFP 62-64 år for dei folkevalde.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen må ta stilling til kva pensjonsordning for folkevalde ein skal ha då den gamle ordninga tok slutt ved årsskiftet. Ingen av dei nye ordningane gjev same pensjon etter 16 år som den ordninga som gjekk ut. Alle aktive medlemmar blei meldt ut 31.12.13 og får oppsette rettar.

Omlegginga er grunna endringar i forskrift om pensjonsordning for folkevalde.

Dei folkevalde er no meldt inn i fellesordninga for kommunen. Innan utgongen av mars 2014 må kommunestyre ta stilling til kva ordning folkevalde skal ha.

Det er to alternativ:

1. Fellesordninga (ordinær tenestepensjon)

Alderspensjon vil bli ein brutto, livsvarig yting lik som for dei tilsette i kommunen, men med enkelte tilpassingar. Ein får uføre- og etterlatnepensjon som før.

2. Pensjonsordning etter mønster av ordninga for stortingsrepresentantar

Alderspensjonen vil vera ein netto, livsvarig årleg yting. Ein får uføre- og etterlatnepensjon som før.

Kva som er best for den einskilde folkevalde kan variera med kva situasjon ein er i , oppteningstid osv.

Oppsett over ny pensjonsordning etter mønster av ordninga for stortingsrepresentantar folkevaldsordning og ordinær tenestepensjon:

	Ny folkevaldsordning (Same mønster som stortingsrepresentantar)	Ordinær tenestepensjon
--	---	------------------------

Utbetaling	Pensjonsbeholdning/delingstal	66% av godtgjering
Modell	Nettoordning	Bruttoordning
Full opptening	Alle åra (66% etter 41 år)	30 år (40 år for utmeldte)
Alder for uttak	Fleksibel frå 62-75 år	Frå 65 år, og kan også velje AFP og 85 årsregelen
Rett til pensjon	1 år samla medlemskap	3 år samla tenestepensjon (overføringsavtale)
Samordning	Ingen samordning	Samordna med andre offentlege ytingar
Levealdersjustering	Ja	Levealdersjustering frå fylte 67 år (med individuell garanti)
Utbetalingstid	Livsvarig utbetaling	Livsvarig utbetaling
Kostnad for den enkelte person	2% av godtgjeringa	2% av godtgjeringa
Kostnad for kommune	Kjent	Ukjent

Vurdering

Fordelar og ulempe for den folkevalde med Fellesordninga

Fordelar:

- Ein veit kva ein får i pensjon
- Same ordning som kommunen sine tilsette
- Høgare pensjon for kort karriere (samanlikna med pensjonsordning etter mønster for stortingsrepresentantordninga)
- Etablert ordning som er god kjent i kommunane

Ulempe

- Lite fleksibel
- Ikkje lov til å arbeide etter uttak av pensjon
- Pensjonen må takast ut ved aldersgrensa
- Samordning med andre ytingar
- Ytinga blir rekna på 40-delar dersom den blir ein oppsett rett

Fordelar og ulempe for den folkevalde med pensjonsordning etter mønster av stortingsrepresentantordninga

Fordelar

- Får pensjonsopptening for alle år i ordninga
- Fleksibel uttak mellom 62 og 75 år
- Kan arbeide ved sida av pensjonen
- Nettomodell som ikkje blir samordna med andre ytingar

Ulempe

- Det er usikkert kva ein får i pensjon
- Kort karriere gjev mindre i pensjon enn ved Fellesordninga

KLP skriv at fellesordninga er billigast for kommunen. Dette er fordi premien blir utjamna saman med dei andre tilsette i kommunen. For dei folkevalde viser utrekningane at for dei fleste vil det vera mest lønsamt å bli med i fellesordninga. Her kan også kommunestyre avgjere om den folkevalde skal kunna gå av med AFP mellom 62 år og 64 år.

Det er i dei tilfella at folkevalde allereie har full opptening i OfTP, og avsluttar karrieren som tilsett i offentleg sektor, vil stortings-ordninga løne seg. Det er fordi dette er ein netto ordning som kjem i tillegg til opptening i OfTP.

Det er opplyst frå KLP at dei fleste kommunane som har vald til no, har gått inn for å melde dei folkevalde inn i fellesordninga.

Konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyre at ordførar blir meldt inn i den ordinære kommunale tenestepensjonsordninga og rår også at ein inngår avtale om AFP 62-64 år for dei folkevalde.